

# Årsmelding 2021 [Edit](#)

## Årsmelding 2021

### Styret har i 2021 vert samansett som følgjer:

Knut M. Bjørnås	Styreleiar
Linda Haug Kollbotn	Nestleiar
Anne Gro Aadland	Sekretær
Johannes Bruvik	Styremedlem
Frode Odland	Styremedlem
Erlend Steinsland	Styremedlem
Karl Kollbotn	Kommunal representant
Vara medlemmar :	Jan Gunnar Våge
	Thea Marie Steinsland
Vara kommunal representant	Shirin Khadoor Kvernes
Revisor :	Arne Nordbø
Valnemnd :	Toralv Sæterhaug og Kjell Odland.

På grunn av pandemien som medførte avgrensa aktivitet for driftsåret 2020, vart det ikkje gjennomført ordinært val av styre og andre tillitsvalde for dette driftsåret. Dvs. styret som vart valde for året 2020 held fram utan endring også for driftsåret 2021.

### Medlemsutviklinga:

Ved årsskiftet hadde forumet 31 betalande medlemmar som er eit fråfall på 1 samanlikna med førre driftsår.

Gjennom 2021 har næringsforumet vert medlem i Bjørnafjorden næringsråd, og betaler ein årleg kontingent for dette. Medlemskapet gjer at medlemmane i Samnanger Næringsforum får informasjon og har tilgang til arrangement og tilstellingar i regi av Bjørnafjorden næringsråd. Tilbakemeldinga omkring denne ordninga er positive, noko som gjer at styret, under føresetnad av årsmøtets godkjenning, vil fornya medlemskapet for inneverande år.

### Aktivitetane:

Korona pandemien har medverka til at også 2021 har vert eit «annan leides» år for næringsforumet. Det vart likevel halde i alt 4 styremøte og. I tillegg har medlemmar av styret delteke på arrangement i regi av Bjørnafjorden Næringsråd. (Sjå referat som er lagt ut på Næringsforumet sine heimesider. <https://samnanger-naering.com>).

Kommunal representant i styret (Karl Kolbotn) saman med styreformann har utført i alt 5 bedriftsbesøk løpet av driftsåret. Fleire av bedriftsbesøka er omtala på Næringsforumet sine heimesider.

På eit av bedriftsbesøka (nemleg hos SAFA) deltok styreleiar for Bjørnafjorden Næringsråd – Synnøve Reksten Mowinckel. Dette gav oss anledning til å visa fram Safa som ei moderne verksemd, og i tillegg, fokusera på ledige både kontor og produksjonslokale.

Me meiner dette er gode tiltak som bidreg til gjensidig utveksling av informasjon, og ikkje minst gjensidig knyta kontaktar. I denne samanhengen vil styret vil oppmoda medlemmane til å koma med innspel som gjeld næring og næringsutvikling, om ein meiner at Næringsforumet på nokon måte kan bidra..

### Bompengeinnkrevjing på nye E 16.

Samnanger Næringsforum hadde fylgjande kommentarar til statens Vegvesen sine moglegheitstudie av bompengefinansiering på nye E16 mellom Arna og Stanghelle:

I førehandsvurderinga om bompengefinansiering av nye E16 er det foreslått 3 bomstasjonar, nemleg mellom Osterøybrua /Asko og Trengereid, mellom Trengereid og Vaksdal og mellom Vaksdal og Stanghelle. Her vil det vera bomstasjonar både på den nye veggen og sideveggen. Formålet med ordninga er at trafikantane skal betala for dei delane av strekninga dei nyttar. Det er ikkje i detalj vurdert takst -og rabattordningar i dette moglegheitstudiet. Dette vil verta greidd ut i samband med det faglege grunnlaget for endelege lokalpolitisk handsaming

Forumet samtykkjer til at etterskotinnkreving av bompengar er metoden som høver best til nytteprinsippet. Dette betyr at innkreving av bompengar, både på ny og sideveg mellom Trengereid og Asko, startar samstundes (anslag 2028). Forumet peika på at for trafikken som skal vidare frå Arna mot Nesttun eller mot Åsane må passera bomstasjonar også på desse strekningane. (Grimesvingane og Blindheims dalen). Forumet meiner at desse bomstasjonane må takast med i vurderinga når bompengordninga endeleg skal handsamast.

### **Bjørnafjord konferansen**

To frå styret i Samnanger Næringsforum deltok på Bjørnafjord konferansen, som også dette året var svært interessant og nyttig, særleg med tanke på oppdatering av aktuelle prosjekt i vårt nærrområde. Viktig er det også å etablera kontakt og få helsa på aktuelle aktørar innan næringslivet. (Referat ligg på Næringsforumet sine heimesider).

### **Børdalen/Eikedalen.**

Kommunal representant i styret – Karl Kolbotn – har saman med Fremskrittspartiet arbeida svært aktivt for å få omgjort eller redusert verneforskriftene for Eikedal vassdraget.

Om ein får gjort om på forskriftene vil dette ha stor betydning både for eksisterande og nye planlagde verksemder langs vassdraget. Kolbotn har og vert ein pådrivar for å få omgjort planane om å føra kraft frå Børdalen via Fitjar til Noa og Krafla plattformene i Nordsjøen.

I denne samanheng vart Sylvi Listhaug og Helge Andre Njåstad frå stortingsgruppa til Fremskrittspartiet invitert til Samnanger for å få ei oppdatering om konsekvensane for Samnanger og Vestlandet generelt, dersom ein «misser» store deler av tilgangen på elektrisk straum.

Stortingsrepresentantane fekk ei kort synfaring av Eikedals vassdraget og ei samtale med dagleg leiar ved Eikedal Skisenter. Skisenteret ynskjer tilgang til vatn frå vassdraget ved parkeringsplassen for å kunna produsera snø til skianlegget. Ein ynskjer er ein mindre oppdemming i elva/bekken ved parkeringsplassen, men grunna verneforskriftene for Eikedal vassdraget er dette vanskeleg å få godkjent. Ved å kunna produsera meir snø vil kunna utvida sesongen for skisenteret.

Samnanger Næringsforum i samarbeid med Bjørnafjorden Næringsråd har og gitt tilsegn til planane om elektrifisering sokkelen, og har i dette skrivet gitt uttrykk for uro over at det store forbruket as straum til oljeplattformene Noa Krafla vil gå utover andre næringer i kommunen og Vestlandet i det heils. I Samnanger er det særskild datasenteret, med forholdsvis mange arbeidsplassar, ein har i tankane. Dette vil stå i fare for ikkje å verta bygd om ein misser nødvendig tilgang på elektrisk straum.

Styreleiar deltok på eit grunneigarmøte der Oslo-selskapet Krefter AS la fram planar om å byggja datasenter på nordsida av trafostasjonen i Børdalen. Som kjent frå «Samningen» vart planane avviste av Samnanger kommune av fleire årsaker.

## **Mobildekning i Rolvsvåg**

Næringsforumet vart kontakta av dagleg leiar ved Faginnredning i Rolvsvåg, og gjort oppmerksom på utilfredsstillande mobildekning i det Kommunale industriområdet.

Etter ein ringerunde vart det klart at også andre som driv næring i Rolvsvåg området har same problemet. Unntaket er Lerøy Sagen som har fått sett opp ein uavhengig og eigen løysning.

Etter eit møte i verksemda der fabrikk sjef i Faginnredning saman med leiar for Samningen og to frå styrer i forumet, vart det publisert ein artikkel i lokalavisa om den dårlege mobildekninga for dei som driv næring i Rolvsvåg eller som køyrer på fylkesvegen.

Etter dette tok leiinga i kommuneadministrasjonen tak i problemstillinga, og sendte eit brev til Telenor der den ikkje tilfredsstillande mobildekninga i industriområdet vart påpeika,

Dette vart også følgt opp med eit teams-møte der Samnanger Kommune, Telenor, dagleg leiar for Faginnredning og Samnanger Næringsforum.

Ordførar føl opp saka og ser på moglege løysingar inkl. finansiering.